

---

Vår referanse 2020/72033-4  
Dato 23.09.2020

---

SKARSVÅG RØR OG INTERIØR AS  
Melandsvegen 15  
5919 FREKHAUG

## Innvilga dispensasjon frå byggjegrænse - fv 5464 - gnr 29 bnr 18 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune syner til søknad motteke 22.9.2020.

### Vedtak:

Med heimel i veglova § 29 og § 30 gir Vestland fylkeskommune dispensasjon frå byggjegrænse ved fv. 5464 på gnr. 29 bnr. 18 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjon:

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggjegrænse på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld i høve til føremålet som kjem fram av søknaden.
2. Ny septiktank og nytt rensleanlegg skal plasserast slik det kjem fram av revidert kart, med minste avstand til vegmidte sett til 20m.
3. Dispensasjonen fell bort dersom ikkje tiltaket er starta innan tre - 3 - år frå dags dato.
4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Vestland fylkeskommune på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggjegrænse, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Vestland fylkeskommune si side.
5. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnader for Vestland fylkeskommune.
6. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det eventuelt er gjeve naudsynt godkjenning frå kommunen. I denne saka har Alver kommune gitt pålegg til tiltakshavar for omsøkt tiltak. Alver kommune er difor sett på kopi i dette brevet.
7. Det må søkjast om grave- og framføringsløyve for arbeid som inneber graving, legging, flytting, reparasjon og fjerning av kablar og leidningar over, under og langs fylkesvegen. Følg lenkja nedanfor for å få dette avklart;

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

**Bakgrunn for vedtaket:**

Byggjegrensa skal ivareta omsynet til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

I gjeldande sak har Bøvågen Eiendom motteke pålegg frå Alver kommune om å bytte ut eksisterande septiktank med ny samt etablere eit minirensleanlegg på 14m<sup>3</sup> på omsøkt eigedom. Minirensleanlegget skal tene 4 bustadhus i nærområdet.



Fylkesatlas.no; innvilga plassering nærast bygg, 20m frå vegmidte

Fartsgrensa på staden er 50km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 500. Vegen er klassifisert til Haldningsklasse mindre streng jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)*». Dette vil mellom anna seie at vegen har funksjon som ein viktig lokalveg.

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering funne grunnlag til å kunne gje dispensasjon frå byggjegrensa mot fv. 5464 på 20m frå vegmidte til omsøkt tiltak på gnr. 29 bnr. 18. Situasjonsplan frå søkar viser ein avstand frå tiltak til vegmidte på om lag 16m. Av omsyn til ei framtidig utviding av vegen og anna vedlikehaldsarbeid, gir vi dispensasjon med vilkår om at tiltaket trekkast vekk frå vegen slik at avstand frå vegmidte ikkje er nærare enn 20m.

**Rettt til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på, jamfør forvaltningslova §§ 28 - 36. Klagefrist er tre - 3 - veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune som sender over saka til klageinstansen.

Med helsing

Hege Løvteit  
Leiar

Sara Nordahl  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4